



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

26.04.2024

Vår ref:

2023/15234

Dykkar dato:

11.03.2024

Dykkar ref:

202302572

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om løyve til å byggje Blådalselva kraftverk i Gloppen kommune

Statsforvaltaren vurderer at ei utbygging Blådalselva vil få negative konsekvensar for naturmiljø og landskapsopplevinga av elva, men ikkje i ein slik grad at vi vil rå frå å gje konsesjon. Dette føreset at minstevassføringa blir auka, og om mogleg bør inntaket flyttast litt nedstraums.

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknaden for Blådalselva kraftverk.

Omtale av søknaden

Det er søkt om å få byggje ut Blådalselva i Indre Kandal, med inntak på kote 331 og kraftstasjon på kote 142. Vassvegen vil gå i ei 840 meter lang røyrgate. Maksimal slukeevne utgjer 232 prosent av middelvassføringa, og planlagt minstevassføring er differensiert for sommar- og vinterperioden, med 80 l/s ($0,46 \cdot 5$ -persentil) i sommarperioden, og 20 l/s (lik 5-persentil) for vinter. Alminneleg lågvassføring er oppgitt til 27 l/s. Estimert årleg energiutbytte er på 4,8 GWh. Det er òg omtalt eit alternativ 2 med avløp på kote 110, og som vil produsere 5,7 GWh, men søkar har vurdert dette som uaktuelt på grunn av ulemper for spesielt turisme.

Det er planlagt 300 meter mellombels anleggsveg frå ein eksisterande skogsveg og opp til inntaket, og 160 meter permanent tilkomstveg til kraftstasjonen. Det er planlagt at oveskotsmasse frå anlegga skal nyttast lokalt i sluttarronderinga. Eventuelt masseuttak vil bli vurdert i detaljplanen for ein eventuell konsesjon.

Vår vurdering

Miljørapporten er basert på naturtypekartlegging etter Miljødirektoratets instruks og fiskeundersøkingar, gjennomført i oktober 2022. Når det gjeld den terrestriske kartlegginga, vurderer vi tidspunktet til å vere eigna til å vurdere mosar, sopp og lav, og til ein viss grad karplanteflora.

Tre viktige naturtypelokaliteter er gjeve stor verdi i miljørapporten, alle raudlista i kategori sårbar (VU) og med moderat lokalitetskvalitet. Dette gjeld ei naturbeitemark, ei fosseeng og eit fosseberg, og konsekvensgraden for dei to førstnemnde er «noko miljøskade».

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Rennande vatn inngår i naturtypen ellevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). Artsdatabanken peikar på at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi for mellom anna fisk, insekt og vasstilknytte fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe.

Det er registrert tre lokalitetar av ellevassmassar; Blådalselva, og to strekningar i elva nedstraums samløpet med Kandalselva, delt av vandringshinderet for fisk frå Breimsvatnet. Ei utbygging vil få størst konsekvens for utbygt strekning av Blådalselva og elvestrekninga nedanfor vandringshinderet i Kandalselva, og konsekvensgraden er «betydeleg miljøskade». I Kandalselva nedanfor vandringshinderet, er vassføringa allereie redusert på grunn av Kandalselva kraftverk.

Eit Blådalselva kraftverk vil ikkje påverke leveområde for storaure direkte, men kan få negativ effekt om bråe stans i kraftstasjonen fører til raskt fall i vassføringa som tørrlegg elvebotn nedstraums vandringshinderet. Miljørapporten seier det truleg ikkje vil vere nødvendig med omløpsventil for å oppretthalde ei tilstrekkeleg vassføring ved slike utfall. Vi legg til grunn at NVE har eit godt grunnlag for å vurdere eit eventuelt behov for omløpsventil, og at det om nødvendig blir stilt krav om dette avbøtande tiltaket dersom det blir gitt konsesjon.

Konsekvensutgreiinga omfattar ikkje kartlegging av fugl ved Blådalselva, men vi legg til grunn at elvestrekninga kan ha verdi for dei vasstilknytte artane som er nemnde ovanfor. Det er fossefall som i så fall kan bli hardast påverka av ei utbygging. Eit aktuelt avbøtande tiltak er å plassere ut hekkedasser på gunstige stader, mellom anna i utløpskanalen frå ein eventuell kraftstasjon.

Det er nokre inkonsistensar i miljørapporten med tanke på vurdert påverknad. På side 20 er det til dømes vurdert at støyping av inntaksarrangement vil gi «ubetydeleg miljøskade» på fosseenga, mens same tiltak i tabell 4 og 5 er vurdert til «noko miljøskade». Med tanke på storleiken av fosseenga og normalt arealbehov ved slike utbyggingar, vil «ubetydeleg miljøskade» vere uaktuelt, og det vil vere snakk om «noko forringa» eller «forringa». Om vi går for «noko forringa», blir samla konsekvens «middels negativ (--)», slik det står i tabell 5. Merk elles at det på side 36 i søknaden står ei oppramsing av konsekvensar som ikkje stemmer med det som står i konsulentrapporten.

Det går ein tursti frå Indre Kandal til Botnafjellet, som ligg i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og som er skildra i boka «Opptur – 267 fotturar i Sogn og Fjordane». Vi har ikkje lokal kunnskap eller kartgrunnlag til å vurdere om og eventuelt i kva grad turopplevinga kan bli påverka av ei utbygging. I søknaden er det opplyst at området blir lite brukt til turar, og friluftssinteresser er ikkje omtalt utover dette. Vi reknar med at kommunen eller andre kan seie om det er friluftssinteresser utover lokal verdi for denne turstien.

Vi legg til grunn at alle tiltaka blir utført med minst mogleg nye/varige inngrep i naturmiljø og dyrka mark, at alle anlegg blir tilpassa terreng/landskap så godt som råd, og at området blir sett i stand att i tråd med moderne praksis, basert på den lokale frøbanken. Det må visast særleg varsemd ved inntaket, for å minimere negativ påverknad på fosseenga.

Elva vil miste mykje av dynamikken etter ei utbygging, og vil gå med minstevassføring i store periodar. I tørre år vil det sjeldan bli overløp, om eksempelåret 1996 med berre åtte døgn er representativt, og for middels tørre år er det estimert overløp i ein dryg månad. Dette vil påverke naturmiljø og landskapsopplevinga av elva negativt.

Planlagt vassuttak er i øvre sjikt nivå av det som har vore vanleg for småkraftverk som har fått konsesjon dei seinare åra. Ved utbyggingar som påverkar viktige natur- eller friluftssinteresser, har det vore vanleg å avbøte skaden med slepp av miljøbasert vassføring på 5-persentilnivå, differensiert for sommar og vinter. Foreslått minstevassføringa for sommarperioden er under halvparten av



dette. Det er vist fleire bilete i søknaden av elva ved ulike vassføringar, men ingen med så låg vassføring som den foreslegne minstevassføringa om sommaren på 80 l/s. Ut frå bileta ser det ut til at minstevassføringa bør hevast.

Vi minner elles om forureiningslova § 7 om å unngå forureining, og om at stein- og jordmassar skal handterast i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243. Eventuelt betongavfall må handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdier.

Konklusjon

Vi oppfattar ikkje dette vasskraftprosjektet som svært konfliktfullt for naturmiljøet. På grunn av tidlegare utbygging av Kandalselva, blir den samla påverknaden på vassdraget likevel stor med ei utbygging som gjev lite, og i lange periodar ingen, naturleg dynamikk. Redusert vassføring og dynamikk vil påverke naturmiljø og turinteresser på strekninga negativt. Dersom den høge slukeevna skal oppretthaldast, bør minstevassføringa om sommaren aukast opp mot 5-persentilnivå, og til alminneleg lågvassføring i vinterperioden. Den viktigaste fossen i denne delen av elva er det teke omsyn til i planlegginga, men det vil bli inngrep i ei fosseeng og ei seminaturleg eng med stor verdi. Inngrepa i desse må minimerast, og om mogleg bør inntaket flyttast noko nedstraums, ut av lokalitetane.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Gloppen kommune
Vestland fylkeskommune

Grandavegen 9
Postboks 7900

6823
5020

SANDANE
BERGEN